

Årsmelding Vassvøri sogelag 2013.

Laget er tilslutta Hordaland sogelag. Landslaget for Lokalhistorie og Landslaget for lokal- og privatarkiv. Sogelaget held møta sine i egne lokale i heradshuset på Evanger.

Årsmøtet vart halde i heradsstyresalen i heradshuset på Evanger, onsdag 10. april kl. 18:00. Det var 20 frammøtte lagsmedlemer.

Leiar Grethe Finsrud Agerlie opna møtet og ynskte alle velkomne. Grethe stod for leiing og gjennomføring av møtet.

Møtet vart innleia med 1 minutt stille for dei 3 lagsmedlemane Elisabeth Bolstad, Aage Finsrud og Ingard Bolstad som var gått bort.

Det var ingen merknadar til innkallinga eller til rekneskapen.

Styret har i funksjonsperioden hatt 4 styremøte.

Sogelaget har hatt eit aktivt år.

Vedlikehald: Arvid Herfindal har ført tilsyn og utført naudsynt vedlikehald på tavlene laget har ståande rundt om i grendene. I tillegg har han utført vøla på utemøblane på tangen på Bolstad. Laget har og tilsyn med Knute Nelson stova, her har det m.a. vore utført slåttearbeid rundt husa.

Evangerlaurdag: Dagen var 2. juni, laget deltok med sal av sogeskrift og Rongen-trilogi. Veret var ikkje så bra, men det var mykje folk i gata. Det var imidlertid påfallande få personar som vitja sogelagskontoret i heradshuset med tilsvarande lite sal av sogelagslitteratur. Måten Vassvøri sogelag marknadsfører seg på denne dagen bør kanskje vurderast?

Kulturvandring: Sogelaget hadde tidfesta kulturvandring til den 10. juli, til fjellgarden Akselberg, med biltransport til Styve-stølen og gange der ifrå. Men grunna mykje nedbør i forkant vart turen avlyst på kort varsel.

Sogelagstur/sommartur: Turen har dei seinare åra hatt dalande oppslutnad. Styret bestemte difor og ikkje tilby nokon tur i 2013.

Knute Nelson-dag: Dagen vart skipa til laurdag den 7. september. Det vart servert senatorsuppe inkludert varm kaffi og twist attåt til kr 50,- per person.

Arvid Herfindal orienterte dei frammøtte om stova på Kvilekvål og om saga og lagnaden til Knute og mora Ingebjørg.

Sjølv om veret ikkje var det beste, var det godt frammøte, totalt 35 stk. Det skuldast ei «busslast» på 18 stk. svært ihuga Knute Nelson entusiastar tilhøyrande Bergen Kultur Forum. Enkelte av dei bar til og med anorakk med firmalogoen tilhøyrande alders og pleieinstitusjonen: Knute Nelson Foundation, Care Center, Alexandria, Minnesota i USA.

Sogelaget vil her nytta høvet til å minna om at i år, den 18. november, er det 200 år sidan Ingebjørg Haldorsdatter Kvilekval, mor til Knute, vart fødd.

Årsskriftet: Frå Fjell til Fjord også i år ute i butikkane i god tid før jul. Skriftnemnda gjer ein framifrå jobb med å formidle lokale soger og historier for ettertida. «Hordaland» nytta god spalteplass i omtalen av sogeskriftet. Og Ottar Bergstad gjer som alltid eit framifrå salsarbeid.

Boksamling: Som omtala i tidlegare årsmeldingar har sogelaget hand om boksamlinga frå buet etter Lars Mugås på Væhle.

Sogelaget har venta på ei nærare avklaring med slekta til Mugås andsynes bøkene sin vidare skjebne. Norvald Lien Mugås har no henta ut boksamlinga.

Julemarknad: I 2013 var det ingen som kunne ta på seg arbeidet med å gjennomføra den tradisjonelle julemarknaden. Sogelaget mista dermed ein gylden mogelegheit for sal av sogeskrift og annan litteratur.

Skulestove: I høve nedlegging av Bolstad skule (tidlegare Rongen skule) har sogelaget fått hand om 2 stk. gamle faste skulepultar og ditto kart, plansjeutstyr, bøker og i tillegg anna skulemateriell. Ovannemnte er skulesaker som hadde sitt opphav og virke frå dei nedlagde fjell-grendeskulane: Bjørgo, Rørgo og Geilen, samt Mæland og Rasdalen.

I eit lagsrom i 2. etg. i heradshuset har sogelaget forsøkt og attskapa eit «miniklasserom» frå ei svunnen tid.

Gamle Fadnes bru: Sogelaget har som kjent, i fleire år vore engasjert i dette bru-prosjektet mellom Forvena og Fadnestreet på Fylkesveg 313 i Teigdalen. Vegvesenet har som avtala fått fjerna stålbelegkane som låg oppå gamlebrua og utført nødvendig opprydding og vekk-køyring av gamle konstruksjonar. Arbeidet er finansiert av fylkeskommunale midlar, og har hatt ein kostnad på mellom 400.000 og 500.000,- kr. Brua framstår no i si opphavlege framtoning.

Det er etterrøkt; det offisielle navnet på brua er: Fadnes Bru. Det gjenstår imidlertid noko restaurerings, tilkomst og sikringsarbeid inkludert smijern-rekkverk, før brua kan takast i bruk av ålmenta. Dette tilleggsarbeidet er kostnadsrekna til om lag kr. 300.000,- Kåre Olav Aldal frå sogelagstyret, som har sitt virke i Statens vegvesen, er sterkt engasjert her. Han stadfester at vegvesenets budsjettpost for kulturminne tek tilleggsrekninga, og at arbeidet skal vera ferdig innan sommaren 2014.

På eigna stad i tilknytning til brua, skal sogelaget setja opp ei forseggjort informasjonstavle, der brua si historie og lagnad vil verta presentert. Tavlekonstruksjonen er det Arvid Herfindal som utfører, medan Kåre Olav Aldal vil føra bru-historia i pennen.

Brubygging i Bjørgadalen.

Den gamle postvegen (kongevegen) mellom gardane Bjørgo og Brunborg går gjennom Bjørgadalen og over Vindeggi. Langt inni dalen kryssar vege elva over ei gangbru. Men grunna flaum og isgang har naturkreftene gjennom åra øydelagt brua. Denne brua vart oppført på 1980 talet.

Sogelaget bestemte seg for å byggja opp att ny bru på staden.

Det vart søkt kommunen om økonomisk stønad, tilskot på kr. 10.000,- vart tildelt.

Arvid Herfindal, med sine svært gode kontaktar, langt inn i BKK, gjorde det mogeleg å få hand om nødvendige bygningskomponentar og ikkje minst materialtransport til plassen.

Under kyndig leiing av Kåre Olav Aldal, har ein gjeng sogelagsmedlemar eit par sundagar i sommar og tidleg haust utført bru-byggjearbeid. Kåre Olav gjorde i tillegg nokre ekstraturar for å slutføra arbeidet. No kan ferdafolk atter kryssa elva i Bjørgadalen over ei nybygd bru. Denne gongen er brua flytta noko høgare opp i terrenget i von om å gå klar av flaumvatnet.

Søknaden om stønad frå sogelaget, skapte ein uventa bieffekt. Etatsleiar Gunnar Bergo i Voss kommune let seg engasjera.

Det er eit faktum at stadvis gror postvegen til og forfell. Bergo ynskte ei endring på det. Han gjorde det klart at kommunen hadde kulturmidlar å bidra med. Eit oppdrag sogelaget ikkje kunne ta på seg. Men sogelagsleiaren har «spleisa» Knut T. Horvei med kommunen, partane har inngått oppdragsavtale.

Utsendingar: I 2014 hadde Vassvøri sogelag ikkje utsendingar til årsmøtet i Hordaland sogelag.

Evanger skule: Sogelaget har eit godt samarbeid med skulen.

Kåseri: Etter årsmøtet kåserte Gunnar Hemre Ringheim om: «Gamle køyretøy i Evanger» og viste gamle bilete av køyretøy frå Brekklus, Evanger og Bolstadøyri. Møtelyden viste stor interesse for bileta og historiane rundt desse, og kunne koma med tilleggsopplysningar som Ringheim sette pris på.

Som takk fekk han ei spekepylsa produsert på Evanger Pylsefabrikk.

I tillegg vart også desse takk for innsatsen med tildeling av kvar sin blom:

Skriftnemnda: Øivind Teigen, Per Eskeland, Knut Hjørnevik og Olav Edal.

Revisorane: Ivar Hernes og Karl M. Bolstad.

Avtroppande i valnemnda: Jorunn R. Hernes

Sogeskriftseljar: Ottar Bergstad

Knut Hjørnevik fekk ekstra påskjøning for alt arbeidet med pylseboka.

Årsmøtelyden vart traktert med kaffi og kakebakst.

Årskontingenten har frå og med 2013 fått ein heilt ny profil. Prisen er kr 350,-

Den er no eit to-komponent produkt som inneheld kontingent kr. 200,- og sogeskrift kr. 150,- i ein usliteleg eining.

Ingen ordning utan unntak: Familie, der begge to er medlem, krev ikkje kjøp av meir enn eitt sogeskrift, dvs. at totalsummen vert kr. 550,-

Tal medlemmer er: 102

Styret i 2013 har vore:

Leiar:.....Grethe Finsrud Agerlie, valt for 1 år i 2013

Nestleiar.....Arvid Herfindal, valt for 2 år i 2013

Kasserar.....Ragna Lønøy Lien, valt for 2 år i 2012

Skrivar.....Leif Akerlie, valt for 2 år i 2013

Styremedlem.....Kåre Olav Aldal, valt for 2 år i 2012

Vara.....Kjellaug Århus, valt for 1 år 2013

Vara.....Kåre Tufte, valt for 1 år 2013

Valnemnd.....Svein Mykkeltvedt

Valnemnd.....Guri Teigen

Valnemnd.....Karl Magne Bolstad

Revisorar.....Ivar Hernes og Karl Magne Bolstad

Nedre Skorset, 25. mars 2014

Leif Akerlie

-skrivar-

